

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

## Referat 13. februar 2018

Skype-møte  
Kl. 14.00-15.00

**Til stades:** Lisbeth Morlandstø (leiar), Lin Prøitz, Marika Lüders, Balder Holm og Anne Mette Bjørgen og Terje Skjerdal (ref)

**Forfall:** Magnus Hoem Iversen

### 1. Innkalling

Godkjend utan merknader.

### 2. Referat frå styremøte 16. januar 2018

Godkjent utan merknader.

### 3. Orienteringar

- **Søknader om støtte til medieforskarkonferansen:** Søknad til RAM innvilga (55.000 kr). Søknad sendt til Fritt Ord 9. februar (75.000), og intern søknad vil bli sendt til Nord universitet.
- **Komitear:** Anne Gjelsvik og Kristin Skare Orgeret har takka ja til å sitja i komiteen for formidlingspris og heiderspris. Marika spør i tillegg ein person frå fagmiljøet i Bergen om å stilla. Komité for beste masteroppgåve: Lin har fått nokre nei på kandidatar til denne komiteen; går vidare og spør tre andre.
- **Infoside for medieforskarkonferansen:** Mesteparten av teksten er klar. Masterstudentar med paper får gratis inngang, men må betala for konferansemiddagen. Marianne Monstad (studentassistenten) og Magnus legg til rette nettsida og publiserer informasjon om konferansen snart. Innmelding av eventuelle nye arbeidsgrupper innan 1. mars.

### 4. Facebook-sida til Medieforskarlaget

Roswitha Skare (no vararepresentant til styret) har oppdatert denne frå tid til anna. Styret ynskjer at ho held fram med det. Me ser mindre behov for Twitter-oppdateringar.

### 5. Avtale med Høgskolen i Innlandet om konferanseassistanse

Styret gav innspel på forslag til avtale. Hotellbooking kan ordnast av deltakarane direkte (rabatt på konferansehotellet, som er Radisson Blu Hotel Bodø). Informasjon om paperpresentasjonar i andre grupper – som ein sjølv ikkje deltek i – kan ordnast med Google Docs-løysinga som Magnus lagar.

### 6. Frist for innmelding av nye midlertidige arbeidsgrupper

Innan 1. mars. Lisbeth sender informasjon om dette via diskusjonsforumet til NML, for å få informasjonen ut så raskt som mogleg (saman med oversikt over eksisterande grupper).

### **7. Eventuell ny panelsesjon om personvern i forskning**

Mange kan ha nytte av ein slik sesjon, spesielt med tanke på ny personvernlov våren 2018 og den varsla oppmjukinga når det gjeld forskning på internett. Men det er vanskeleg å finna plass innanfor det tettpakka programmet. Styret føreslår å ha sesjonen som reserve dersom nokon av fellesforedraga skulle falla.

Neste møte: 13. mars 2018 kl. 14-15 (Skype)

Terje Skjerdal (ref)